Vegen
Kim André
Rysstad

# SAUEN

ORD: JOHANNES BAKKEN, KVITSEID.
TONER: RELIGIØS FOLKETONE FRÅ NORDMØRE

Langt innpå ville heii i kalde vêr og vind
der gjekk den ville sauen, visste korkje ut hell inn.
Han gjekk og sveiv og dreiv der, åleine att og fram,
med storm og uvêr rasa og lite mat han fann.

Men hyrdingen han sakna den sau som borte var
og ut på leiting fór han i fjell og dal og skar.
Til sist so fann han sauen, forkomen, trøytt og arm
og la den uppå herdi med kjærleik mild og varm.

Og no var sauen frelst ifrå kulde, naud og natt,
og hyrdingen seg gledde fordi han fann han att,
og kalla saman venner dei gledde seg i lag
fordi den ville sauen va komen heim i dag!

Ja, eg var denne sauen som gjekk på ville veg,
og Jesus var den hyrdingen som leita etter meg.
Han frelste meg frå syndi og gav meg hjartefred,
og difor vil eg love han i tid og evighet!

I himlen vert det glede når ein syndar vender um
ifrå den ville vegen som er så kald og skum.
Høyr hyrdingrøysti kallar: "Kom heim frå ville veg!"
So vert du frelst frå syndi som ned mot myrkret dreg.

NOGHH1165020

# DEN LANGE TAUSHET

ORD: RUDOLF NILSEN/TRYM BJØNNES
TONER: TUVA L. SYVERTSEN/TRYM BJØNNES/KIM ANDRÉ RYSSTAD

Ikke fordi jeg har glemt dine smil,
har jeg tiet så lenge.
Jeg fryktet min sang skulle gå som en fil,
over skjelvende strenge.
Å skjære de hulkende toner itu,
som ingen har hørt uten du.

Ikke fordi, jeg ikke kan finne,
et skjelvende smil,
den lange taushet ble nok en gang enklest å gi.

Å ikke fordi jeg har glemt dine smil,
de begynte så stille.
Som kom fra de himle bak blånende mil,
for å se hva du ville.
Å møtte de ikke din sjel på sin veg,
som ba dem å flyve mot meg.

Nei, ikke fordi jeg har glemt dine smil,
til det siste, det triste.
Som vidnet om alt hvorom jeg var i tvil,
og om alt hva jeg visste.
Men bare fordi jeg var redd for å gi,
min lykke en hård melodi.

NOGHH1165010

# ALT SOM FØR

ORD: MORTEN LORENTZEN
TONER: KNUT REIERSRUD
INSTRUMENTALMELODI BASERT PÅ
EI FOLKETONE FRÅ RYFYLKE

Undrar, undrar, kvifor vil du,
ha meg gåande på stien her igjen?
Tru meg, her har eg vore før,
eg veit kor denne stien fører hen.

Bortgøymde minne glitrar der inne,
som solskin frå ein dag eg hadde gløymt.

Undrar, undrar, kva som har hendt,
finnast du bak alle dagar som har gått?
Tru meg, eg er den eg alltid var,
eg er i stort det som eg var i smått.

Bortgøymde minne, glitrar der inne,
som solskin frå ein dag eg hadde gløymt.

Undrar, undrar, kva som skjer no,
når eg omsider når fram til di dør?
Tru meg, eg ser at alt er slik det va,
la oss gå inn dit kor allting er som før.

Bortgøymde minne, glitrar der inne,
som solskin frå ein dag eg hadde gløymt.

NOGHH1165030

# HEMING

ORD/TONER: TRAD.

Kongjen sit i høysvålin,
så talar han ti adde si menn.
Eg veit inkji liken min,
å ufødd så e han enn.

Det ser eg på deg Hemingen,
du vi kji late det fadde.
Du ska renne fjøddi det,
som drengjine snara kadde.
– Hemingen unge han kunne på skio renne

Ska eg løype fjøddi det,
som drengjine kadde snara.
Så ska du Kongjen unde stande,
å sjå koss eg mone fara.

Hemingen rende Snarafjøddi,
å skine dei skrei i kringle.
Det totte adde som såg derpå,
at sjynnon rapa av himle.
– Hemingen unge han kunne på skio renne

Hemingen trådde ni' eikeskio,
å rende seg nord ivi hauge.
Adde spør'e men ingen veit,
kor drengjen e lagde dau'e.
– Hemingen unge han kunne på skio renne

*Middelalderballade med tone frå Setesdal henta frå notesamlingane etter Catharinus Elling. Elling skreiv ikkje ned noko omkved til visa, så eg sette den saman med eit omkved frå Telemark som eg har lært etter opptak med Agnes Buen Garnås..*

NOGHH1165040

# MÅNESYSTER
***duett med Anne Grete Preus***

ORD/TONER: TRYM BJØNNES

Go´kveld du mi Månesyster,
i løyndom bakom fjell.
Stryk du forbi som heievind,
som tungesveip av eld.

Go´kveld du min ungersvenn,
du vender deg mot fjell.
Du lengter etter heievind,
og tungesveip av eld.
- Og tonon som du kvo dei va av sylv

Du vokter på din månesøster,
i skyggen av ditt sinn.
Et stråleslør, en lukket dør,
der ingen slipper inn.

Du må kji leite månesyster,
i spor der snjoren fell.
Eg hev kji same hjarteband,
som i meg hugjen held.
- Og tonon som du kvo dei va av sylv

NOGHH1165050

# ALDRI ALEINE

ORD/TONER: KIM ANDRÉ RYSSTAD

Det hende den gongen då eg møtte deg,
du kom som ein vind i mot meg.
Endra alt då du tok mi hand,
kjende då at noko forsvann.

Alt det som stengde bles du bort,
smelta som is, åpna opp.
Du synte meg kor eg kunne gå,
alt var så rett når du meg såg.

Med deg så tok eg til på ei ferd,
ein draum i ei anna verd.
Saman og aldri aleine.

Vindar og draumar tek ein gong slutt,
likevel ser eg alt på nytt.
Dei ord du sa hev eg no gøymt,
i hjarta mitt vert du aldri gløymd.

Med deg så tok eg til på ei ferd,
ein draum i ei anna verd.
Saman og aldri aleine.

NOGHH1165060

# VEGEN

ORD/TONER: TRYM BJØNNES

Gateljos blenkjer veit kva dei tenkjer no,
blikk gjenom glas i ein hundredel.
Alltid ei ny hand, knytte eit nytt band,
trådar som gror seg til spindelvel.

Strengjer som spenner seg,
straumar som dreg deg frå land.
Plent som eit vengjeslag,
lyfter ein draum imot famn.

Å vegjen ligg der som ei åpen bok,
gjev meg tilbake det tida tok.
Endelaus ende, vart ei forunderleg ferd.

Alt det eg tenkte då, alt det eg venta på,
ingenting veks utav brotne ord.
Ser meg tilbake klarar kje vakne,
draumar som dveler i frosen jord.

Strengjer som spenner seg,
straumar som dreg deg frå land.
Plent som eit vengjeslag,
lyfter ein draum i mot famn.

Vegen ligg der som ei åpen bok,
gjev meg tilbake det tida tok.
Endelaus ende, vart ei forunderleg ferd...

NOGHH1165070

# ADAMSVISA

ORD/TONER: TRAD.
KJELDER: KAROLINE VATNE OG KIRSTEN BRÅTEN BERG.

Adam var den første mann,
i uskyldige stand.
Herren lot ham en kvinne forære,
tok et ribben derud,
gjorde der utav en brud,
å førte henne til Adam,
var beprydet utav Gud.

Adam vågnede og såg,
på sin jomfru så skjønn.
Da begynte hans hjerte til at brenne,
han da snarlig oppstår,
og til Herren fremgår,
å takket ham for den brud,
som hadde gledet ham så.

Nå et brudepar her,
eders høytidsdag det er.
Å nå ønsker jeg eder tillykken.
Nå til kirken har gått,
og tilsammen haver stått,
og for de ektebånd at knytta,
som ei oppløysast må.

NOGHH1165080

# OM

ORD: MORTEN LORENTZEN
TONER: ANDERS ENGEN

Om eg lot vere å sei det som var sant,
kunne du likevel klare å like meg i blandt?
Om eg blei te ein du aldri hadde kjent,
kunne du late som om det ikkje va hendt?

Så mykje vatn har elva reist med,
så mange spor e' snødd igjen.
Så mange draumar fòr med stormen,
eg kjeme no, og eg e sein
eg kjeme no, eg e sein..

Om eg blei liten fordi eg tok på veg,
kunne du orke å komme å hente meg?
Om eg blei sliten og strakk ikkje te
kunne du likevel halde ut å vere her fordet.

Så mykje vatn har elva reist med,
så mange spor e' snødd igjen.
Så mange draumar fòr med stormen,
eg kjeme no, og eg e sein,
eg kjeme no, eg e sein...

NOGHH1165090

# EN STJERNEKLAR AFTEN

ORD/TONER: TRAD.

En stjerneklar aften i rosandelund,
jeg spaserede blandt blomstrene skjønne.
Jeg var så forundret sto stille en stund,
å hørte på nattergal stemme.

Da plutslig fornam jeg en kvinnelig røst,
som sang med henrykkende stemme.
Den stemmen kom fra et ynkelig bryst,
en jomfru jeg fant i det grønne.

Hun satt tett ved sjøen med blomster i hånd,
og så'e opp mot himmelen og sukket.
O nådige Fader, du lindre det bånd,
som ligger så tungt på mitt hjerte.

Jeg sto da litt stille, betenkende meg,
mitt blod rant med sterkere varme.
O yndige Lise, o er det da deg?
kom hit i din Ludvigs arme.

Nu blev da den jomfru så inderlig glad,
og jeg ikke mindre tillike.
Min lengsel var stillet og utfyllt mitt savn,
jeg fant jo min elskede pike.

*Denne utruleg vakre skillingsvisa vart nedtekna av Ludvig M. Lindeman i Setesdal i 1861. Eg syng visa fritt etter eit opptak med Ragnhild Furholt.*

NOGHH1165100

Kim André Rysstad: vokal, gitar (6), kor.
Trym Bjønnes: gitar, high-string gitar (4, 7), elgitar (8), kor
Knut Reiersrud: bass, steelgitar, dobro, weissenborn, autoharpe, elgitar (9), el piano (1), mohan vina, kor.
Anders Engen: perkusjon, trommer, tangenter, gitar (9), kor
Anne Grete Preus: vokal (5).

Bilete: Stian Andersen
Teknikar/mix: Christer-André Cederberg
Mastret i Cutting Room av Bjørn Engelman
Produsert av: Knut Reiersrud og Anders Engen


# Takk til:

Helge Westbye / FolkOrg / Rikskonsertane / Morten Lorentzen for tekster / Tuva Livsdatter Syvertsen for «Den Lange Taushet». / Nikolai Hængsle Eilertsen for lån av bass. / Stian Andersen for flotte bilete! / Fantastiske Ane Roggen for alt arbeid du har lagt ned i samband med INTRO-folk og dette prosjektet! / Anne Grete Preus for at du sa ja til å gjere duetten, ei ære!! / Familie og vener for støtte, inspirasjon, kritikk og skryt!

Anders og Knut – Tusen takk for at de vart med
som komponistar, spelemenn og produsentar.
Trym – for songen og spelet ditt, for rause ord, strenge ord,
wailing på balkongen, for «Månesyster» og «Vegen»
- hjarteleg tusen takk!

1. **SAUEN** 4:52
2. **DEN LANGE TAUSHET** 3:32
3. **ALT SOM FØR** 4:07
4. **HEMING** 3:11
5. **MÅNESYSTER** 2:55
6. **ALDRI ALEINE** 3:44
7. **VEGEN** 3:23
8. **ADAMSVISA** 3:33
9. **OM** 5:08
10. **EN STJERNEKLAR AFTEN** 4:38